

Treungenbanen

tur- og

sykkelveg

Poesistien

Natur og lyrikk til alle

eg
stansar
i ein sving
langs vegen
klyv over
ei grøft

løftar
eit grønt slør
av bjørkeblad

her startar
stien

her forlèt eg
bråk og støy

går inn
i ei stillare
mjukare
verd

«Inn

i

skogen»

Ruth Lillegraven. Utdrag frå boka *Skogen den grøne*.

Ruth Lillegraven

Ruth Lillegraven (f. 1978) kjem frå Granvin i Hardanger der ho no er busett. Ho debuterte som forfattar i 2005 og har sidan skriva ei rekkje bøker både for barn og vaksne. Lillegraven er mest kjend for diktsamlingane sine og i 2013 vann ho Brageprisen for diktsamlinga *Urd*. For den første diktsamlinga si for barn, *Eg er eg er eg er* (2016), blei ho nominert til både Brageprisen og Kritikarprisen.

Bøkene til Ruth Lillegraven finn du på Nissedal bibliotek.

Treungenbanen tur- og sykkelveg (Poesistien) er ein tursti som er lagt på det nedlagde jernbanesporet til Treungenbanen. Det siste toget gjekk frå Treungen stasjon i september 1967. I 2020 vart Treungenbanen tur- og sykkelveg offisielt opna. Frå Sommarsletta til Myrane, er Treungenbanen tur- og sykkelveg spesielt tilrettelagt med universell utforming, benkar og utklipp frå lyrikken til Ruth Lillegraven.

Denne delen av stien er aldersvenleg og universelt utforma. Har du vanskar med å gå, og treng kvile på turen, kan du vite at det står 10 benkar og ventar på deg, frå Sommarsletta til Myrane. På kvar benk står det utdrag av eit dikt til ettertanke og undring.



Start: Sommarsletta, Fjonevegen 17 A, 3855 Treungen
Lengde: Ca 1 km

Nissedal bibliotek, Solås 2, 3855 Treungen
www.nissedal.kommune.no/bibliotek

Meir om turstiar i kommunen finn du her:
www.nissedal.kommune.no/tur-ski-og-sykkelloeyer.485709.nn.html